



Notat

Dato: 14.08.2019
Arkivsak: 2018/3430-17
Saksbehandlar: handyrn

Til:	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Løyvingar til Hordaland fylkeskommune frå Klimasats

Klimasats er ei nasjonal støtteordning for klimatiltak i kommunesektoren administrert av Miljødirektoratet. Støtte blir gitt både til å bidra til reduserte klimagassutslepp og til omstilling til lavutsleppssamfunnet. Hordaland fylkeskommune sendte inn 14 søknader til årets utlysning, og fekk innvilga 10 av desse. Totalt har HFK fått tilsegn på kr 8 975 750 i årets tildeling frå Miljødirektoratet.

Klimasats-søknader 2019 oversyn			
HFK-Skyss	Biogassanlegg for bussar i Bergen nord	Avslått	
HFK - skyss	Bruk av biogass i nytt bussanbod Bergen nord	Avslått	
HFK - RA	Klimafokus i kommunar	Innvilga som søkt om	860 000
Bybanen utbygging	Evaluering og vidareutvikling av miljøkrav	Innvilga som søkt om	607 500
HFK RA	Utgreiing om hurtiglading på drosjehaldeplass	Innvilga som søkt om	125 000
HFK RA	Etablering av hurtigladestasjon ved taxisentralar	Innvilga som søkt om	3 260 750
Bybanen Utbygging	Støtte til innkjøp av 10 elsyklar	Innvilga som søkt om	147 500
Bybanen utbygging	Meirkostnad innkjøp elektrisk spuntmaskin	Innvilga som søkt om	1 230 000
Bybanen utbygging	Meirkostnad innkjøp elektrisk pickup	Avslått	
HFK RA	Klimapartnerar - styrking av nettverk og satsing på vidare nasjonal utrulling	Innvilga som søkt om	460 000
HFK	Laksevåg VGS	Innvilga som søkt om	225 000
HFK RA	Koordinering av nasjonal hydrogenflåtebestilling	Innvilga som søkt om	1 260 000
HFK RA/ Os vgs	Simulator i transportopplæring ved VGS	Delvis innvilga	800 000
HFK Eigedom	Bygningssertifiseringer og offentlege byggheerrar	Avslått	
Sum tilsegn			8 975 750

Omtale av dei søknadene som har fått tilsegn:

1. Klimafokus i kommunar

Hordaland fylkeskommune ønskjer å tilsette ein fagressurs i ein prosjektperiode på om lag to år (avhengig av finansiering), som skal auke intern kompetanse på planlegging som verktøy for klimaomstilling, som skal koordinere fylkeskommunen sine verkemidlar inn mot klimaarbeid i kommunane og vidareutvikle vår rolle som pådrivar for klimaomstilling i kommunane. Grunna sterkt fokus på klima i samfunnet generelt og pågåande kommunesamanslåingar, er det eit momentum som bør nyttast for å institusjonalisere klimamål, klimakompetanse og klimatiltak i nye kommuneplanar og kommuneorganisasjonar. Støtta dekkjer inntil 50 % av kommunens kostnader til å innarbeide klimaomsyn ekstra godt i planarbeidet, avgrensa til 850 000 kr.

2. Evaluering og vidareutvikling av miljøkrav

I samband med utbygging av byggetrinn fire (BT4) av Bybanen i Bergen frå sentrum til Fyllingsdalen er det etablert miljøkrav i entreprisane relatert til grønare bybaneutbygging. Implementeringa har hatt ei prosessbasert tilnærming, med utvikling og spissing av krav undervegs i utarbeiding av dei ulike konkurransegrunnlag og i kontraktane. BU ønsker å evaluere effekten av dei implementerte miljøkrava i dei førebunde entreprisene for å kunne etablere eit verktøy for ei forbetra oppfølging av krava i hovudentreisene i BT4. Vidare ønsker BU å kartlegge ytterlegare miljøkrav som kan bli implementert i neste byggetrinn 5, frå Bergen sentrum til Åsane (BT5), basert på erfaringar frå BT4. I tillegg ønsker BU å bistå med forslag til implementering av miljøkrav i reguleringsplanfasen for BT5, som er under utarbeiding. Det vil også være viktig å få utført ein juridisk vurdering/gjennomgang og klargjering for innarbeiding av krav i anbudsdokument for BT5. Miljødirektoratet gir ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 607 500.

3. Utgreiing om hurtiglading på drosjehaldeplass

Moglegheit for drosjelading ved haldeplass og andre strategisk viktige lokalitetar for drosjenæringa. Dette er eit arbeid knytt til Hordaland sin strategi for å elektrifisere drosjetransporten. Utgreiinga vil gå inn i beslutningsgrunnlaget om stønad til etablering av ladetilbod ved drosjehaldeplass og andre viktige knutepunkt i åra som kjem. Prosjektet får støtte som dekkjer 50% av kostnadane, inntil kr 125 000.

4. Etablering av hurtigladeastasjon ved taxisentralar

Hordaland fylkeskommune har søkt kr 3 260 750 i støtte til etablering av hurtigladeinfrastruktur for drosjenæringa. Hordaland fylkeskommune har også søkt støtte til eit forprosjekt som skal greie ut kor det kan etablerast hurtiglading for å legge til rette for elektrifisering av drosjenæringa. Dei to søknadane sjåast i samanheng. Miljødirektoratet løyver støtte som dekkjer 50% av kostnadene, inntil kr 3 260 750 til prosjektet.

5. Støtte til innkjøp av 10 elsyklar

Bybanen Utbygging (BU) har søkt støtte til å kjøpe inn 10 elsyklar. BU er i gang med byggetrinn 4 av utbygging av bybanen i Bergen. Organisasjonen veks i takt med aktiviteten på anleggsområda, der fleire av dei store grunnentreprisene vil bli satt i bygging i løpet av 2019. Da vil også behovet for persontransport for BU-personell auke. Hovudkontoret til BU ligger midt på den delen av traseen som ligg aust for Løvstakken, og kan nåast via sykkel innan ein radius på ca. 3 km. Dette gjer det ideelt å nytte sykkel til/frå kontor og anleggsområde. Med lågt tal på bilar tilgjengeleg ønsker BU å tilrettelegge for bruk av elsykkel, og oppmode dei tilsette om å sykle i staden for å bruke bil. Målet er å utvide elsykkeltilbodet slik at fleire kan prøve ut elsykkel til kortare jobbreiser, samt få ein helseeffekt. Miljødirektoratet gir eit tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 147 500.

6. Meirkostnad innkjøp elektrisk spuntmaskin

Bybanen Utbygging (BU) er i gang med byggetrinn 4 (BT4) av utbygging av bybanen i Bergen. Traseen går frå sentrum til Fyllingsdalen, og det skal spuntast mykje i anleggsarbeida. Ei spuntmaskin kan i periodar vere relativt stasjonær og kan på den måten være eigna for elektrifisering via straumledning/kabel. BU kjenner ikkje til prosjekt der det har vært nytta elektrifisert spuntmaskin og ønsker på den måten å vere pådrivar for at entreprenør skal framskaffe elektrifisert spuntmaskin, og søker med dette om å dekke deler av meirkostnad for eit innkjøp av denne type anleggsmaskin i BT4. Miljødirektoratet gir ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 1 230 000.

7. Klimapartnerar – styrking av nettverk

Tiltaket går ut på å fortsetje å frikjøpe Klimapartner prosjektleiarane i Agder og Hordaland med til saman om lag ei 40 % stilling i eitt år frå haust 2019 til haust 2020. Dette vil gjere at ein framleis kan bruke ressursar på å hjelpe andre fylke som vil i gang med klimapartnermodellen, derunder sikre støtte i oppstartsåret til Trøndelag, Østfold og Nordland, og hjelp til igangsetting av fleire Klimapartnerar-nettverk i løpet av perioden haust 2019 – haust 2020. Mange regionar signaliserer at ein ønsker å gå i gang med Klimapartnerar. P.t. Akershus, Telemark, Vestfold, Oppland, Hedmark, Sogn og Fjordane og mogleg Finnmark. Prosjektleiarane ønskjer å fortsette å fasilitere og gje råd om arbeidet, utveksle erfaringar og byggje nettverk mellom regionane. Dei vil styrkje kontakten med sentrale aktørar og nasjonale styresmaktar og gje råd om kvifor og korleis dette nedanifrå og opp-klima-initiativet faktisk gjev konkrete resultat. Miljødirektoratet støtter arbeidet med inntil 50% av kostnadene i prosjektet, avgrensa opp til kr 460 000. Tilskotet føreset at dei nettverka som får bistand sjølv har ein arbeidsinnsats tilsvarande dei resterande 50 %.

8. Laksevåg VGS

Hordaland fylkeskommune HFK skal planlegge ombygging av Laksevåg vidaregåande skole til Nye Laksevåg VGS, som også skal huse Fagskolen i Hordaland. Noverande skolebygg har 2 hovudbygningar, det eine bygget er frå 1968, det andre er frå 1976. Rehabilitering av eksisterande bygningar, samt vurdering av riving og nybygg vil bli vurdert. Målet er at prosjektet skal vere bærekraftig, identitetskapande, gje betre levevilkår for brukarane, og ikkje minst bli ein del av eit levande lokalsamfunn med mangfald og trivsel. Forprosjektet vil hjelpe kommunen til å velje dei beste løysingane knytt til økonomi og ambisjonen om å redusere klimagassutslepp. Det er i prosjektet også merksemd på materialbruk og drift av byggeplass som vil ha stor innverknad for klimagassutslepp. Miljødirektoratet gir ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 225 000.

9. Koordinering av nasjonal hydrogenflåtebestilling

Med inspirasjon frå Sveits, der H2 Energy har bestilt 1 000 hydrogenlastebilar til bruk i næringslivet til like utgifter som tilsvarande fossile løysingar representerer, har Hordaland fylkeskommune og Norsk Hydrogenforum tatt initiativ til eit liknande prosjekt i Noreg. Gjennom vårt samarbeid er målet å identifisere og samle aktørar innan varetransport, persontransport, maritim sektor og offentleg sektor, blant kjøparar av tenester i desse næringane og blant moglege leverandørar av teknologi, materiell og energi - som er interesserte i å delta i lokale, regionale eller næringsspesifikke prosjekt for å introdusere hydrogen som drivstoff. Gjennom å kartlegge og samle aktørane i felles nettverk og gjennom å lage arenaer der dei kan møtast, skal prosjektet legge til rette for at det utviklast konkrete, sjølvstendige prosjekt for flåteinnkjøp og/eller infrastrukturutvikling. Miljødirektoratet støtter arbeidet med inntil 50% av kostnadene i prosjektet, avgrensa opp til kr 1 260 000. Støtta skal gå til lønsutgifter, og vil dekke 2100 arbeidstimar eller meir, gitt ein timesats på 600 kr. Fylkeskommunen skal dekke løn til like mange arbeidstimar.

10. Simulator i transportopplæring ved VGS

Os og Solør vidaregåande skular er landslinjer innan transport og anleggsmaskinopplæring. Per tid har desse eit høgt forbruk av diesel til bruk i opplæringa av elevane ved sine respektive skular. Skulane ynskjer å redusere bruken av sine dieseldrivne køyretøy (lastebilar og anleggskøyretøy) ved å investere i simulatorar for å gi elevane sine høve til å ta store delar av opplæringa digitalt. Det er søkt om eit tilskot på kr 2 000 000. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 800 000.